

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 8. mai 2013 kl 15.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Egil Vestre og Inga Helen Støversten

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og Jørn Agersborg i sak 11/13

Det vart presisert at kommunen heretter bør sende ut rekneskap og årsmelding i papirversjon til medlemmane av kontrollutvalet når dokumenta ligg føre.

SAK 07/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. FEBRUAR 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. februar 2013 blir godkjent.

SAK 08/13

ÅRSMELDING 2012 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.05.2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Ørskog kommune til orientering.

SAK 09/13

KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.05.2013

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.

SAK 10/13

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEREVISJONEN OM EIT TILFELLE AV DIREKTEKJØP I ØRSKOG KOMMUNE (BYGG OG ANLEGG)

Det vart lagt fram eit dokument i møte: Nummerert brev nr. 1/2013 frå kommunerevisjonen. Dokumentet var med heimel i Offentleglova § 13 ikkje offentleg.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar endeleg innrapportering i saka før sommarferien.

SAK 11/13

ORIENTERING OM HJELLEREITVEGEN

Jørn Agersborg orienterte om prioriteringa av vegprosjekt i kommune, kostnadsoverslag, budsjett og overskridingar. Han orienterte også om kommunen si handtering av konkurranseregelverket for dette prosjektet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Det blir innhenta informasjon om prioriteringa av vegprosjekt i kommunen, kostnadsoverslag, budsjettvedtak, overskridingar og kommunen si handtering av konkurranseregelverket for dette prosjektet.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt ei sak om dette byggeprosjektet vurdert opp i mot dei momenta som går fram av punkt 1.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Egil Vestre
nestleiar
(sign.)

Inga Helen Støversten
medlem
(sign.)